

Referat frå møtet i Fagleg samarbeidsutval i PHV 17.01.25

Til stades: Else Marie Løberg, Inger Cecilie Uglenes, Tor Magnus Soleim, Charlotte Kårtveit, Hilde Skjerve, Kari Øystese, Marianne Warloe, Trude Hjortland, Eli Sjø, Knut-Arne Wensaas, Frederic E Larsen, Tarjei Kristiansen, Theresa Dang, Inga Larsdottir Søreide Holmås, Gro Oma Fanebust (ref.)

Fråvær: Arne Kristian Marø,

01/25 Godkjenning av dagsorden og referat frå 06.09.24

Godkjent

02/25 Gjennomgang av godkjent mandat / utvalet sine oppgåver

Trude Hjortland orienterte om forankring av mandatet i Helsefellesskapet. Psykisk helsevern og rus er eit av fem prioriterte områder.

FSU tek mandatet til orientering med følgjande innspel:

- Området eldre med psykisk lidning må ivaretakast. Underutval for skrøpelege eldre har ikkje i dette i sitt mandat så det bør vere eit samarbeid mellom dei to utvala på dette området. Samhandlingssekretariatet kan legge til rette for det. Olaviken sin representasjon må avklårast.
- Utfordringar i det kliniske feltet må ikkje bli stoppa av avgrensingar i mandatet. Merksemda må rettast mot meirgevinsten i samarbeidet.
- Samhandlingslegar må bli synlege i fellesskapet då felles utfordringar for fastlegane krev god representasjon. Det vert arbeidd med løysingar for å dekke disse stillingane på ein god og fleksibel måte. Mellom anna at tillitsvalde skal kunne gå inn i utvala.
- Tarjei Kristiansen vil komme med forslag til brukarrepresentasjon frå kommunal side.
- Helse Bergen har leiaransvar i 2025. Nestleiar vil være frå kommunal side og forslag kan sendast til Tarjei Kristiansen innan 17.02.25. Om ikkje forslag kjem inn vil Bergen kommune tar ansvar og sende melding til Gro Oma Fanebust.
- For å få meirverdi av arbeidet og unngå parallelle prosessar må utvalet arbeide med områder med behov for forbetringar/ikkje er godt nok dekket/ivaretatt og sette ned arbeidsgrupper.
- Det er ønskje om at det vert minna om saksinnmelding i god tid. Foreløpig sakliste vert sendt ut ein mnd. før møte, og med påminning om å komme med saker to veker før. Det er ønskjeleg med låg terskel for å ta opp saker, og at eit av punkta skal være «nytt frå representantane»

03/25 Samhandlingstilskot 2025

Divisjonsdirektør orienterte om innkomne søknader om samhandlingsmidlane med frist 05.02.24, dei formelle krava og om vurderingskomitéen. For dette året er til saman 26 mill. til fordeling.

Sjå vedlagt presentasjon

FSU tek orienteringa til vitande og er einig i at søknadene vert sendt utan vidare prioritering for behandling i vurderingsutvalet.

04/25 Status / Informasjon

- ADHD
Arbeidsgruppa hadde siste møte 02.12.24 og nytt blir 24.03.25
Kapasitet i DPS er auka gjennom gruppetilbod (både psykoedukasjon og terapeutiske grupper) og kveldspoliklinikk. Det er koordineringsansvarlig, og en ser beder pasientflyt.
Ny gruppe arbeider med opplæringsprogram til fastleger. det arbeides også med fastlegers mulighet til å endre medisiner. Detaljering jobbes med (Kronstad).
 - Program Psykisk helsevern for framtida
Årstadhuset- Styret i Helse Bergen gav 19.12.24 si tilslutning til forprosjektrapport for Årstadhuset. Detaljfasen startar i mars 25 og OU-prosjekt for Årstadhuset startar truleg hausten 25.
DPS – Rapport om DPS i framtida vart styrebehandla våren 24 der det vert tilrådd døgnbehandling på 1-2 lokasjonar, opne dører og tvang med døgnbehandling på alle DPS. Styrking og utviding av oppgåvene til FACT-team i dag, og nye prinsipp for poliklinisk behandling.
Vidare arbeid med implementering av tiltak vi starte haust 25
Sandviken området- Innan 1. mai 2025 vil ei arbeidsgruppe levere sin rapport som skisserer eit samla framtidsbilette for Sandvikenområdet.
 - Ventetidsløftet
Det er stor merksemd på reduksjon av ventetid i sjukehusa. Det er sett inn tiltak, men framleis er det variasjonar mellom poliklinikkar. Dei ekstra midlane er gitt for inneverande år og vidareføring ligg i rammene for 2025.
 - PBU kan vise til lågare ventetid. Men det er forskjell i poliklinikkar som kan forklarast med spesialfunksjonar/team og høgt sjukefråvær.
 - Øyane DPS har lågare ventetid etter at dei oppretta kveldspoliklinikk og sette inn tiltak mot dei pasientane som har venta lengst.
 - Kronstad DPS har gode tal som i stor grad skuldast gruppeverksemd, særleg HIT prosjektet og kveldspoliklinikk knytt til ADHD.
 - Bjørgvin DPS syner og til god utvikling, men det er forskjell mellom poliklinikkane. Eit eige ADHD team bidrar til rask avklaring, og med det lågare ventetid.
- Samhandlingslegen påpeikar at poliklinikkane må sende eit kort notat til fastlege om at pasient har vore til vurderingssamtale/kartlegging i poliklinikk- ikkje berre ved avslutta forløp.
- eBehandling
Tidlegare var det for låg bruk som skuldast utdatert teknologi og dårleg grensesnitt.
I 2024 kom ny behandlingsplattform og oppdaterte behandlingsprogram. Ein har etablert avtale med DPS om direktevurdering ved seksjon for eBehandling og utarbeidd kommunikasjon- og marknadsføringsplan. Nye program er på plass for depresjon, insomni, spelavhengigheit, helse og arbeid og MinADHD (klinisk behandlingsstudie)

Eventuelt

Utskrivingsrutinar

Det er utfordrande og ikkje i samhandlinga si ånd om spesialisthelsetenesta definerer kva tilbod pasienten skal ha ved utskriving. Dersom kommunane ikkje kan gje slikt tilbod, kan pasienten bli verande på sjukehus med bøtelegging av kommunen. Problemstillinga vert sett opp som sak i neste møte og knytt mot revideringsarbeidet med tenesteavtale 3 og 5 der det er forslag om å slå saman rus og psykisk helse.

Info om nye tilbod i AFR

Heroinassistert behandling (HAB) ligg i Engenhuset i Håkonsgaten 1. Tilbodet starta opp i 24 og behandlar no 27 pasientar. Det er ei krevjande behandling pasientane som må møte opp 2 gongar pr dag alle dagar i veka. Prosjektet vil vare ut 26.

Amfetaminassistert behandling er eit prosjekt i rekrutteringsfasen med strenge krav til sikkerheit og er foreløpig avgrensa til LAR gruppa.

Tilbod til kvinner som er utsett for vald er eit nytt prosjekt i døgnsesjonar og i samarbeid med Senter for krisepsykologi.

Medlemmene i utvalet etterlyser betre informasjon om AFR sine tilbod. Forslag om at [informasjonskanalen til fastlegane](#) vert nytta. Helse Bergen.no og Saman.no er også aktuelle sider.

Informasjon om budsjett situasjonen i Bergen kommune

Det er store budsjettutfordringar i Bergen kommune som inneber kutt i tenestene. MO senteret i Eidsvåg og eit aktivitetssenter i sentrum vert lagt ned. Eit aktivitetssenter i vest vil redusere kapasitet og tenester vert samla på Wergeland. Planar for utviding av tilbod vert lagt på is. Det er vanskeleg å etablere nye bu tilbod, og kommunen arbeider med flyt og innhald i eksisterande tilbod.

Neste møte – fredag 04.04. 25 kl. 08.30- 11.00